



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Smia i Hornindal
Dato: 16.02.2021
Tid: 13.00 – 15.00.

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solfrid Førde	Leiar	
Inge Alexander Bruheim	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Inger Gjengedal Håvik	Medlem	
Inghild Remøy	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Pål Ruben Seljeset	Medlem. Ikkje meldt avbod.

Vara som møtte:

Namn

Frå Vest Kontroll/ andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon og Vestland Revisjon KO møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor.

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Sonja Håvik	Personvernombod. I sak 09/21.

SAKLISTE

- SAK 01/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/21 MELDINGAR
- SAK 04/21 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 05/21 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2021
- SAK 06/21 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA 2020
- SAK 07/21 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA KOMMUNE 2021
- SAK 08/21 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 09/21 ORIENTERING FRÅ PERSONVERNEOMBOD - BROT PÅ PERSONVERN
- SAK 10/21 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/21	033	02.02.2021	16.02.2021	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Inghild Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/21	049	02.02.2021	16.02.2021	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 02.12.2020.

Vedlegg

1. Møteprotokoll frå møta 02.12.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/21	033&17	08.02.2021	16.02.2021	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Dokument, av 01.12.2020. «Finans- og gjeldsreglement».
2. Dokument, av 03.12.2020. «Eigarstyring – rapport basert på rekneskapsåret 2019».
3. Dokument, av 03.12.2020. «Plan for forvaltningsrevisjon – Kommunen og selskap».
4. Dokument, av 21.12.2020. «Plan for eigarskapskontroll 2021-2024».
5. Sjå sak 167/20 Årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021—2024. →
<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=87&>

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/21	033&58	06.01.2021	16.02.2021	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Når Statsforvaltaren har vurdert lovlegkontrollen ber Kontrollutvalet ordførar og kommunedirektør informere om saka vedkomande val av nærskule for elevar i Høydal – Fyrde Austefjordområdet. Etter dette vil kontrollutvalet ta standpunkt til om dette er ei sak kontrollutvalet skal ta opp.
2. Kontrollutvalet har elles ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar på noverande tidspunkt.

I møtet

Drøfting vedkomande lovlegkontroll.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside -

<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.aspx?response=moteplan> og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda:	26.10	14.12		
Eldrerådet:	16.11			
Formannskapet:	17.11	24.11	08.12	17.12
Kommunestyret:	05.11	26.11	17.12	
Partsamansett utval:	17.06			
Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj:	16.11			
Sakkyndig nemnd, eigedomsskatt:	29.09			
Tenesteutval for forvaltning og utvikling:	17.11			
Tenesteutval for helse og omsorg:	19.11			
Tenesteutval for oppvekst og kultur:	11.11	25.11		
Ungdomsrådet:	18.11	09.12		
Valstyret:	15.09			
Valutval:	24.09	26.11		
VØR styret:	29.09	24.11		
VØR representantskapet:	17.09			

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/21	033&58	02.02.2021	16.02.2021	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2021

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

I møtet

Jørgen Holte viste til formannskapssak 19/21 Vedlegg 19 i Formannskapet - Ferjemateriell Volda – Folkestad og stilte spørsmål om dette var ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet drøfta og kom til at dette ikkje var ei sak for utvalet.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside -

<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&visalle=true>

og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda:

Eldrerådet:

Fellesnemnd for nye Volda kommune:

Formannskapet:

19.01 02.02

Formannskapet 2015-2019:

Kommunestyret:

Kommunestyret 2015-2019:

Partsamansett utval:

Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj:

Sakkyndig nemnd., egedomsfatt:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling:

18.01

Tenesteutval for helse og omsorg:

28.01

Tenesteutval for oppvekst og kultur:

27.01

Ungdomsrådet:

20.01

Valnemnda 2015-2019:

Valstyret:

Valutval:

VØR styret:

VØR representantskapet:

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/21	033	02.02.2021	16.02.2021	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/21	033	02.02.2021	16.02.2021	KS/JS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA 2021

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2021 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2021. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/21	033	02.02.2021	16.02.2021	KS&JS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset slik møteplanen: 6. mai, 20. mai, 8. september, 7. oktober, 27. oktober og 11. november.

I møtet

Ein kan planlegge eit møte i mars-april dersom det passar for orienteringane frå kommuneadministrasjonen/ordføraren.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2021 er det i tillegg til 16. februar sett opp møte 6. mai, 20. mai, 8. september, 10. oktober, 27. oktober og 11. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/21	030&18	04.02.2021	16.02.2021	KS/JS

ORIENTERING FRÅ PERSONVERNEOMBOD - BROTT PÅ PERSONVERN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå personverneombodet til vitende.

I møtet

Personvernombod Sonja Håvik orienterte. Totalt sett har det ikkje vore gjort mange glipp når ein ser det i høve til totalmengda. Dei glipp som har skjedd må beklagast og kommunen er rask med å ta opp tilhøva og rapportere i høve til regleverket.

Vedlegg

1. Frå avisa Møre-Nytt, av 04.01.2021. «For tredje gong på under eitt år Nytt brott på personvern av Volda kommune».
2. Frå avisa Møre-Nytt, av 21.01.2021. «Endå eit brott på personvern i Volda kommune».

Saksopplysning

Personvernombod Sonja Håvik er kalla inn for å gi ei orientering om brott på personvern, samt svare på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/21	033	04.02.2021	16.02.2021	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Ingen hadde saker som bør takast opp.

Møtet slutt.

Solfrid Førde
Leiar

Inghild Remøy
Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte